



GULEN KOMMUNE

Rådmannsavdelinga

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Sakshandsamar:	Direkte tlf.nr:	Arkiv	Saksnr	Løpenr	Dato:
HHA	57 78 20 03	250	08/1312	5489/08	01.12.2008

NY FORSKRIFT OM FINANSFORVALTNING I KOMMUNANE - HØYRING

Syner til skriv datert 01.09.08 om nemnde sak.
Gulen kommune har slike merknader til framlegget til ny forskrift:

Framlegget grip for mykje inn i det kommunale sjølvstyret. Forskrifta skal gjelde for store og små kommunar med særskilte varierende grad av aktiv kapitalforvaltning. Detaljert rapportering til kommunestyret minst to gonger i året (jf. §§ 6 og 7) for t.d. ein kommune som Gulen, med både sparemidlar og lånegjeld på vanlege bankvilkår, vil krevje langt meir bruk av administrative og folkevalde ressursar enn ynskjeleg til dette, sett i høve til dei samla utfordringane kommunen står framfor. Difor er det viktig at kommunane sjølv får avgjere kva detaljerings- og rapporteringsnivå som er ynskjeleg for å sikre god kontroll på finansforvaltninga i den einskilde kommune.

Med helsing

sign.
Trude Brosvik
ordførar

Kopi til:
- Formannskapet, her